

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Plan og byggenemnd  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 26.01.2015  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærmere innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 20.01.2015

Tor-Sindre Steinsvik  
leiar

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/15	Protokoll frå førre møte
PS 3/15	Referatsaker
PS 4/15	Prioritering av kommunale byggeprosjekt 2015 - orientering og eventuell omdisponering av midlar
RS 1/15	Referatsaker Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/15 Protokoll frå førre møte

PS 3/15 Referatsaker



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/341
		Arkiv:	L80

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
4/15	Plan og byggenemnd	26.01.2015
	Formannskapet	03.02.2015

### PRIORITERING AV KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT 2015 - ORIENTERING OG EVENTUELLOMDISPONERING AV MIDLAR

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Eigedomsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Kulturavdelinga, her
- Barnehageavdelinga, her

## Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 166/14, Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. I sluttfasen av budsjettetthandsaminga vart fleire byggeprosjekt tekne heilt ut eller sett ut i tid. Dette gjaldt også fleire prosjekt som var oppstarta planmessig. Dette har medført at ein no og kanskje resten av året slit litt med å ha nok arbeidsoppgåver til prosjektleiarane på byggsida. Denne saka omhandlar m.a. korleis ein tenkjer å løyse dette.

## Saksopplysningar

Følgjande byggeprosjekt prosjekt er pr. i dag under bygging:

TILTAK	TOTAL SUM	MERKNAD
Myrvåg omsorgssenter – ombygging av tak	5 900 000	Ferdig i 1. tert 2015
Havila Stadion Fosnavåg – tribune	2 750 000	Ferdig i 1. tert 2015
Toftestøvegen 11 – bustadar for unge funksjonshemma	15 610 000	Ferdig i 1. tert 2015

Følgjande byggeprosjekt er under planlegging:

TILTAK	TOTAL SUM	MERKNAD
Planleggingsmidlar - Omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon	350 000	Overført og ny løying. Skal erstatte dagens institusjonsplassar ved GUL avdeling.
Planleggingsmidlar idrettshall, Einedalen	250 000	Ikkje avsett midlar til bygging i budsjett og øk.planperioden
Planleggingsmidlar Myrvåg brannstasjon	200 000	Avsett kr. 11,5 mill. i økonomiplanen for 2016.
Planleggingsmidlar. Samlokalisering av dagtilbod	500 000	Avsett kr. 10 mill. i økonomiplanen for 2016
Moltu skule. Ventilasjon og brannsikring	500 000	

Til følgjande byggeprosjekt er det avsett midlar til bygging i 2015 og 2016:

TILTAK	2015	2016	MERKNAD
Omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon	40 000 000		

Ny brannstasjon i Myrvåg		11 500 000	
Ny barnehage Myrvåg		20 000 000	
Samlokalisering dagtilbod		10 000 000	
Moltu skule. Ventilasjon og brannsikring		9 500 000	

### Kommunal prosjektleiing BYGG

Anlegg- og driftsavdelinga har pr. 1.1.2015 tilsett tre prosjektleiarar bygg. Ein av desse går av med pensjon i løpet av 2015 slik at avdelinga frå og med 1.7.2015 har to prosjektleiarar.

Kommunestyrets budsjettvedtak inneber at prosjektleiarane på byggsida mangler arbeidsoppgåver. Dette gjeld særleg fram til 1.7.2015. Likeins er investeringsprosjekt vidare i økonomiplanperioden av så usikker karakter at ein må gjere mellombelse grep for å sikre arbeidsoppgåver i naudsynt omfang.

I drøftingar med eigedomsavdelinga er difor følgjande tiltak overført til Anlegg- og driftsavdelinga for gjennomføring:

TILTAK	TOTAL SUM	MERKNAD
Riving av Eggesbøvegen 20	1 000 000	
Riving av av gamle Frøystad skule	800 000	Overført og ny løvning
Ombygging av Fristadbygget	250 000	
Planlegging – Herøy rådhus – offentlege pålegg	250 000	
Herøy kulturhus - ombygging	500 000	

Av nye større byggeprosjekt er det som det framgår ovanfor kun avsett midlar til bygging av omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon i 2015. Dvs. det er det einaste større byggeprosjektet som kan lysast ut på anbod i år.

Ny barnehage Myrvåg ikkje gitt planleggingsmidlar i 2015, men ligg inne med 20 mill. kroner til bygging i 2016. Til idrettshall Einedalen er det avsett 250.000 kroner til planlegging i 2015, men ikkje midlar til bygging i økonomiplanperioden.

Anleggs- og driftsavdelinga har andre arbeidsoppgåver der ein manglar kapasitet, men det er på anleggsprosjekt og teknisk drift innafor avdelinga sitt ansvarsområde. Dersom ein skulle nytte prosjektleiarane på bygg til desse oppgåvene vil det medføre ein periode med opplæring før ein får særleg effekt.

### **Vurderingar/konklusjon**

Erfaringsmessig er det gunstigast å gjennomføre detaljplanlegging, utlysing på anbod og bygging i ein fortlopende prosess. Får ein særlege opphold mellom ein av desse fasane fører det gjerne til ny planlegging og utarbeidning av nye anbodspapir.

Med bakgrunn i dette kan det vere fornuftig å gjere visse omdisponeringar i vedteke budsjett.

Ein vurderer det som lite aktuelt å starte opplæring av prosjektleiarane på byggsida for å nytte dei på anleggsprosjekt og teknisk drift. Dette m.a. med bakgrunn i at det sannsynlegvis berre vil vere snakk om ein kortare periode før det igjen er stort behov for prosjektleiing av byggeprosjekt.

Med bakgrunn i ovanståande vil rådmannen føreslå at det i tillegg til tiltak som er avtalt overført frå Eigedomsavdelinga til Anleggs- og driftsavdelinga vert gjort følgjande vedtak

1. Avsette planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen i budsjett 2015, 250 000 kroner, vert omdisponerte til planlegging av ny barnehage Myrvåg.
2. Planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen bør då leggast inn igjen i budsjett og økonomiplan same året eller året før det vert avsett midlar til bygging.
3. Saka vert elles teken til vitande.

Med eit slikt vedtak ligg det meir til rette for at prosjektleiarane kan ha fornuftige arbeidsoppgåver i heile 2015.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen.

Fosnavåg, 19.01.2015


Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

## Referatsaker

## Referatsaker



Grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar

Saksnr  
2015/56


Arkiv  
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / AZT

Dato  
19.01.2015

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV SJUKEHEIMSMRÅDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID



Lokalisering av planområdet

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV SJUKEHEIMSMRÅDET EGGESBØNES i HERØY KOMMUNE PBL § 12-3




## Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsle oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

## Planområdet og planid

Tiltaket gjeld utarbeidning av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område på Eggesbønes i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag **12 daa**. Plangrensa for området er tilpassa pågående planarbeid for Eggesbøjorda i vest og FV654 i nord. PlanID er 201503.




## Føremålet med planarbeidet

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for bygging av nye omsorgsbustader med heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta i området ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling på Eggesbønes. Byggeprosjektet skal erstatte dagens institusjonstilbod og arbeidsplasslokalitetar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling. Planarbeidet vil legge rammer oppføring av bygningar inntil 3 etasjer innanfor planområdet.

For å sikre utbygging i tråd med ovannemnde planar er det også behov for omregulering av kommunens eigedom og deler av tilstøytande eigedomar. Planarbeidet vil soleis medføre ei omregulering av internt veg- og parkeringssystem som vist i gjeldande reguleringsplan, slik at dette vert i samsvar med dagens (utbygde) situasjon.

## Gjeldande planstatus for området

Den gjeldande reguleringsplanen innanfor området legg til rette for offentleg formål, bustad og vegformål.



Arealbruk i ny plan vil følgje opp hovedformåla i gjeldande plan, men medføre endring i formålsgrenser og byte av formål internt i planområdet.

## Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg som regulert område i kommuneplanens arealdel fra 2014. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er vurdert til å vere i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreia. Planarbeidet blir vurdert til å ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, til at det skal vere naudsint med KU-vurderingar utover det som vert utgreidd i planomtalen. Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen skal det også gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Offentleg formål (O)
- Bustad (B)
- Køyreveg (V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Gangveg og fortau (GV og F)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande arealformål og omsynssoner.

For bustadrekka mot Eggesbøvegen ser ein føre seg ei vidareføring av arealformålet for desse eigedomane, med unntak av eit stripeareal som vert omregulert til offentleg formål for skap tilstrekkeleg areal for utbygging av nye omsorgsbustader. Internt vegsystem med rundkøyringar og regulert parkeringsareal er tenkt omregulert til å vere i samsvar med dagens situasjon. Det same gjeld for ny hovudtilkomst til området frå Eggesbøvegen.

Førebuing av området til meir utbygging vil også innebere at det må gjennomførast gravearbeid i og rundt Eggesbøvegen for omlegging av leidningar m.m.

### **Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet**

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheiter til å medverke i planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kungjering. Innspela vil bli behandla av kommunen som ein del av planforslaget til politisk behandling.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med relevante vedlegg. Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn / høyring. Dokumenta vil også kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

**Herøy kommune**

**Utviklingsavdelinga**

**Postboks 274**

**6099 Fosnavåg**

eller på e-post til: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Merk innspelet med tittelen;

**«Detaljregulering for deler av sjukeheimsområdet på Eggesbønes»**

Frist for innspel: **09.03.2015**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til underteikna

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg

Planleggar

Herøy kommune

Tlf: 700 81 368

**Vedlegg:** Grunnkart (A4-format) med plangrense i målestokk 1:1000

